

# Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Øre sokneråd*

## Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

*dek 112*

Kultur- og kirkedep. KI	
Saksnr. <i>200606109</i>	Dato <i>10/006</i>
Kode <i>Ki-501</i>	Reh.....

## 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar: *Sjø vedlegg.*

## 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

## 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- 7*  Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- 1*  Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

## 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag  
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg  
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene  
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget  
 Det humanistiske verdigrunnlaget  
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- 6  Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)  
2  Kommunen  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret  
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

# Høyringsvar om Stat og Kyrkje frå Øre sokneråd

## 1. Overordna prinsipp for staten sin trus- og livssynspolitik.

Prinsippet om trus- og livssynsfridom må ligge fast.

Dette er ikkje til hinder for at det kan etablerast særskilte og nære band mellom staten og Dnk. Grunnar for ei slik ordning er at Dnk har lange historiske tradisjonar og at heile samfunnet er prega av at Dnk har vore kulturberar i landet vårt gjennom lange tider.

Det er viktig at Dnk er ei landsdekkjande kyrkje med tilgang til forkynning av evangeliet og til tenester som dåp, nattverd, vigse og gravferd.

Mykje av nasjonen sin kulturarv er knytt til gode tradisjonar som samlar og stabiliserer lokalsamfunnet – der har kyrkje og kyrkjelyd ein naturleg plass.

Tradisjon og kontinuitet er viktig.

Samtidig er det viktig at den enkelte borgar fritt får utøve trua og livssynet sitt. Dette må staten legge til rette for gjennom ein aktivt støttande religionspolitikk.

## 2. Statskyrkje.

Dnk som statskyrkje bør avviklast og kyrkja bli ei lovforankra folkekyrkje.

## 3. Lovforankring.

**Fleirtalet (7)** sine ønske for ei framtidig kyrkje:

Dagens grunnlovsparagrafar og statskyrkjeordning blir oppheva.

Eiga kyrkjelov blir vedteken av Stortinget, men med forankring i Grunnlova.

Dette vil gje Dnk ei særleg tiknyting til staten.

Dnk blir eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjere.

Biskopar blir utnemnde av kyrkjeleg organ på grunnlag av ei brei nominasjons-og valordning.

Kyrkja må vere landsdekkjande med brei kontaktflate og rom for ulike grader av trusengasjement og aktivitet.

Kristne verdier skal framleis vere ein viktig del av samfunnet sitt verdigrunnlag.

**Mindretalet (1)** vil ha ei fri folkekyrkje i samsvar med lov om trussamfunn.

## 4. Finansiering av Dnk

Dnk som landsdekkjande folkekyrkje må sikrast eit stabilt og tilstrekkeleg ressursgrunnlag.

Det er viktig at alle tilsette i kyrkja har same arbeidsgjevar. Det er mest naturleg at statlege tilskot dekkjer desse utgiftene. Ei sikker og lik finansiering vil skape like arbeidsvilkår og sikre ei godt utbygd folkekyrkje i heile landet - uavhengig av befolkningsgrunnlag.

Kommunane må ta ansvar for praktiske oppgåver som vedlikehald, byggeprosjekt og planlegging av kyrkjelege bygningar.

Dessutan må medlemene i folkekyrkja ansvarleggjerast gjennom eit synleg medlemsbidrag til arbeidet i kyrkjelyden. Eit mindre medlemsbidrag vi truleg verka meir positivt og inspirerande enn til dømes ei større livssynsavgift. Ordet avgift har for mange ei negativ tyding, og ei livssynsavgift kan lett setjast i bås med alle andre lovpålagde avgifter frå staten.

Vi støttar fleirtalet i utvalet si tilråding som gjennomtenkt og godt eigna til å ta vare på ei brei folkekyrkje. Dette sikrar at både staten, kommunen og kyrkja sine medlemmer blir ansvarleggjorde.

Denne finansieringsmåten stadfestar den klare, lovfesta regelen som har vore i Norge i mange hundre år: At staten og det offentlege har eit stort ansvar for å ta del i og legge til rette for ein aktiv trus- og livssynspolitik i landet vårt.

Det bør gjennom finansieringa av den norske folkekyrkja synleggjerast at den kristne trua - historisk og kulturelt sett - har ei særstilling i det norske samfunnet.

#### **Konklusjon:**

*Fleirtalsinnstillinga frå utvalet når det gjeld finansieringsmåte for ei lovforankra folkekyrkje kan støttast.*

#### **5. Valordning.**

Dagens demokratiske valordning blir vidareført med direkte val til sokneråd og indirekte val til fellestråd, bispedømeråd og kyrkjemøte.

Det bør leggjast til rette for samkøyring av stortingsval og soknerådval for om muleg å auke valdeltakinga.

#### **6. §2 i Grunnloven.**

Her går soknerådet inn for at paragrafen bør markere både det kristne og humanistiske verdigrunnlaget. På den måten kan ein femne vidt når det gjeld grunnleggjande samfunnsverdiar. Samtidig blir kristendommen si lange historie i vårt land lagt til grunn og framheva.

## **7. Ansvar for gravferdsforvaltninga.**

**Fleirtalet** (6) i soknerådet meiner at kyrkja lokalt framleis skal ha ansvaret for denne. Kyrkja har med sin lange kyrkjeverje-tradisjon og seinare utbygde fellesråd god kompetanse på dette feltet. Dessutan tilhøyrrer storparten av folket Dnk, og langt dei fleste gravplassar ligg ved ei kyrkje. For dei som ønskjer gravlegging på ikkje-vigsla område må det leggjast til rette for dette.

**Mindreatalet** (2) meiner at eit samfunn med aukande pluralisme prinsippielt må ordne seg slik at det blir ei samfunnsoppgåve at alle får lik og likeverdig tilgang til gravferder og gravlundar. Dette må vere eit kommunalt ansvar. Ein opnar for at gravleggjing og drift av gravstadar likevel kan delegerast frå kommunen til t.d. kyrkja der ein finn dette naturleg.

## **8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygg?**

Kyrkja lokalt bør eige kyrkjebygga, og kommunen må ha det økonomiske ansvaret.

Spesielt historisk interessante kyrkjer og kyrkjer som ikkje er i dagleg bruk, må sikrast ekstra ressursar. Dette er kulturskattar som den enkelte kommune ikkje kan makte å halde vedlike. Det kan vurderast om riksantikvar og fylkeskonservatorar kan ha ein pott til disposisjon ut frå dei behov som blir avdekka.

Opplysningsvesenets fond bør ved stortingsvedtak erklærast som eit kyrkjeleg fond.